



# OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE

## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Elevrådet ved Osterøy vidaregåande skule  
Hatland  
5282 LONEVÅG

*Kopi til Berit Nyland, Hfk*

Hordaland Sosialistisk Ungdom  
ved leiar Hilde Boberg Andresen  
Folkets Hus, Håkongsgaten 3-5,  
5000 Bergen

### VEDR. SKULEDEBATTEN 2015

Me vil med dette gje ei tilbakemelding på representanten frå SU sin oppførsel på skuledebatten ved Osterøy vidaregåande skule, onsdag 2.september 2015. Elevar i vg3 studiespesialiserande var sterkt involvert i planlegging og gjennomføringa av debatten. Skulen har valt å ha skuledebatt, fordi dette i utgangspunktet er ein god anledning for elevane til å få innsikt i synspunkta til dei ulike partia. I tillegg kan det motivere fleire elevar til å engasjera seg politisk. Me ynskjer å ha skuledebattar også i framtida, og har derfor valt å gje dykk ei tilbakemelding.

Me, elevrådet ved Osterøy vidaregåande skule, synest ikkje det er greitt at representanten frå SU nytta svært sterke, uhøviske uttrykk i debatten. Me ynskjer ikkje å ha skuledebattar der det er rom for denne type ordveksling mellom representantane. Me ber om at de sender ein annan representant til neste skuledebatt.

Med vennleg helsing

*Hanna Slettebakken*  
Hanna Slettebakken, elevrådsleiar

*Sander J. Grønsdal*  
Sander J. Grønsdal, nestleiar i elevrådet

*Synnøve Lid*  
Synnøve Lid, elevinspektør